



Tingvoll, 16.3.2022

Sunndal kommune
post@sunndal.kommune.no

OFFENTLEG ETTERSYN – SØKNAD OM AKVAKULTURANLEGG FOR MATFISK AV TORSK - GROVA I SUNNDAL KOMMUNE - FRÅSEGN

Nordmøre Torsk AS/Gadus har søkt om å få drive oppdrett av torsk på lokalitet Grova i Sunndal.

Motstrid mellom Gadus Group AS og Havforskningsinstituttet

Det verkar som det er noko usemje om faktiske tilhøve:

på gytefelt. Det er imidlertid ikke påvist kryssninger mellom villtorsk og oppdrettstorsk, verken fra rømt fisk eller fra gyting i merd (Meeren m.fl. 2012), (Jørstad m.fl. 2008). I tillegg til tester på stamfisk,

Vi har klipt frå rapporten om påverking av vill torsk på side 3. (Vi seier oss samtidig lei for at vi berre har klipt frå rapporten og ikkje tar med heile rapporten i heilskap slik Gadus Group krev i innleiinga.)

Vi opplever ved å lese Havforskningsinstituttet (HI) sin rapport <https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2021-22> og samanlikne dette med kva Gadus seier om same tema at dette ikkje heng saman.

Det går igjen i HI sin rapport at kysttorsken består av små stammar som generelt ikkje har det veldig bra. Særleg dei små stammane vil vere utsette om dei blir utsett for påverknad frå tamtorsk.

Vidare seier HI: *Genetiske interaksjoner mellom domestisert oppdrettsfisk og ville populasjoner er godt dokumentert og representerer en av de største utfordringene for et bærekraftig havbruk (Bekkevold m.fl. 2006; Taranger m.fl. 2015; Forseth m.fl. 2017; Glover m.fl. 2017).*


Vidare:

I motsetning til laksen vil torsken kunne gyte i merdene. Gyteatferd hos torsk involverer trolig partnervalg med kurtise (Karlsen & van der Meeren 2013), og det er observert at torsk kan gyte i små vannvolum (van der Meeren & Ivannikov 2006). Det er videre påvist at befruktete egg fra oppdrettstorsk vil unnsnippe merdene og overleve til kjønnsmoden torsk som igjen vil bidra til gyting på lokale gytefelt (Jørstad m.fl. 2008; van der Meeren m.fl. 2012). En studie med genetisk merket torsk i et kommersielt oppdrettsanlegg i Norddalsfjorden ved Florø påviste larver og yngel av torsk med den genetiske markøren i og ved gyteområder opp til 19 km unna anlegget, men grunnet rømmingsepisoder fra anlegget var det ikke mulig å si om dette var avkom fra gyting i merd eller fra rømt torsk (Jørstad m.fl. 2014).

Naturvernforbundet får ikkje til anna enn at det kan vere ein viss motstrid om dette temaet mellom det Gadus Group og Havforskningsinstituttet seier.

Kartlegging

Når det gjeld artar i området har vi tatt eit utsnitt frå Artskart for å sjå kva som finst av registreringar.



Artskart 19.2.2022

Vi får opp ei registrering, av nordflaggermus (VU). Det er nøyaktig ein art meir enn viss ein tar eit tilsvarande utsnitt i Sahara, Antarktis eller noko som aldri er kartlagd. Det tyder at området ikkje er kartlagd frå før. På eit areal som dette skal det vere ein del algeartar, ein del fiskeartar, ein del andre artar som lever i sjø og ein del fugleartar. Det er heilt uaktuelt å gje løyve til verksemd i fjøra på ein slik stad når ein ikkje veit meir enn dette. Her må det til ei konsekvensugreiing med kartlegging av artar.

I søkjar sitt dokument Vurdering av behovet for KU... side 2:

3.4 Gytefelt for torsk

Anlegget inkludert fortøyninger ligger ikke inne i registrerte gytefelt for torsk.

På sørøstsiden av anlegget i Sunndalsfjorden ligger et lokalt viktig gytefelt, med minste avstand 1,1 km. Forholdet til gytefelt for torsk er vurdert i eget notat vedlagt søknaden.

Med straumhastighet 5 cm/s er det ein avstand på ca. 5 timar mellom omsøkt lokalitet og gytefeltet. Vi antar at fisk frå gytefeltet vil oppsøke oppdrettsområdet, og gyteprodukt frå merda vil kunne nå og påverke gytefeltet.


Etter dialog med HI og Fiskeridirektoratet samt gjennomgang av oppdatert kunnskapsgrunnlag (Bjørn mfl. 2021), kommer vi ved valg av lokaliteter til å følge rådene og gjeldende forskrifter om ikke å legge oppdrettsanlegg for torsk i registrerte gyteområder eller gytefelt for torsk i henhold til Fiskeridirektoratet sin kartløsning. Vi har også spesifikt valgt å ikke søke på anlegg i umiddelbar nærhet av registrerte gytefelt og utøvet ekstra strenge avstandskrav til nasjonalt viktige gytefelt for torsk. Dette basert på graderingen utviklet av Havforskningsinstituttet, hvor gytefelt kategoriseres fra 2-6 etter viktighet.

Det kan sjå ut til at 1,1 km avstand er meir enn «umiddelbar nærhet». Når ein kjem til vurderingar etter naturmangfaldlova § 9 om usikkerheit, må ein då legge inn ein ganske stor grad av usikkerheit på dette punktet.

Søkjar ordlegg seg mellom anna slik:

Det ligger ingen registrerte beiteområder for torsk innenfor 20km fra den omsøkte lokaliteten. Det er heller ikke registrert områder for tareskog eller ålegras innenfor 20km avstand fra den omsøkte lokaliteten. Vi har derfor ikke inkludert en oversikt over mulige beite- og oppvekstområder.

Søkjar seier også at dei held seg unna område med ålegras og tareskog. Kartlegging av ålegras og tareskog er høgst mangelfull. Mykje tyder på at det er gjort litt kartlegging i område som er aktuelle for lakseoppdrett, og at det knapt har vore undersøkt elles. Dvs. at det truleg ikkje er gjort forsøk på å kartlegge desse artane i Sunndalsfjorden innanfor Tingvollvågen. Ålegras er påvist tilfeldig i Tingvollvågen, men ikkje lenger inn i fjorden. Fingertare er tilfeldig registrert ved Flå, men det er alt av tareregistreringar innanfor Tingvollvågen. Det søkjar seier om dette temaet er følgjeleg ingenting verdt, fordi det er heilt uvisst om det kan vere kartlagd noko som helst. På Fiskeridirektoratet si kartløyising må ein heilt ut til Eikrem før ein finn lokalitetar av ålegras og stortare.



Naturbase: Handbok 19.

Om s kjar med overlegg har uttrykt seg slik at dette kan misforst ast, eller om det skuldast at s kjar er uvitande om dette, kan vi ikkje seie noko om. Det er alvorleg i alle fall. Verken s kjar eller forvaltinga skal vere uvitande p  dette området.

Noko anna ein kan tru er d rleg kartlagd er korallar. Vi kan ikkje mykje om slikt, men har vore borti eit par saker i område med ein del straum. Litt lenger ut, mellom Ballsneset og Almsk ra ser det ut som det er ei viss struping av fjorden. Kan det vere korallar der?

Mange s knader – mogleg sumeffekt

Med meir enn 10 s knader i fylket omtrent samtidig vil ein kunne f  effektar i stor skala som ein ikkje kan ta omsyn til fordi ein ikkje kjenner f rekomsten av torskestammene eller mykje anna. Dette i seg sj lv gjer det n dvendig med ei omfattande konsekvensutgreiing.

P verking av lys

S kjar seier dei vil bruke lys for   utsetje gyting. Det er p vist nordflaggermus i området. Arten er raudlista (VU). Det er antatt at flaggermus blir p verka av lys. Det m  difor utgreiast korleis dette kan p verke flaggermus. Dessutan m  ein utgreie om vill fisk som g r i n rleiken av merda vil bli p verka. Viss den ville fisken ogs  blir p verka til   ikkje gyte eller gyte seint, s  er det ugrent.

Elles ser vi at det er argumentasjon knytt til s knad om torskekonsesjon i Tingvoll nyleg som ogs  er gjeldande her.

Forbruk av f rressursar

P  folkem tet i Sunndal 26.1. presenterte Gadus Group seg med at dei skulle «*Sikre verden tilgang p  nok mat p  en berekraftig m te*». Oppdrettsfisk m  i tilfelle ete mat som vi menneske ikkje kan nytte oss av viss dette skal vere tilfelle. Om dette ikkje er tilfelle s  vil verda f  tilgang til mindre mat, ikkje meir. Dette er eit sp rsm l som kan vere sentralt n r ein skal avgjere saka.

S kjar seier at dei bruker vesentleg meir f r med marint opphav enn det som er vanleg. Laksen ringa har dei seinare  ra auka andelen som ikkje har marint opphav grunna for liten tilgang av f r med marint opphav. N r mindre bruk av soya blir vist til som ein fordel n r ein skal vurdere om s knaden skal f re til ein konsesjon, er det n dvendig   f  klarlagt meir om det. P  m tet i Sunndal blei det opplyst at avskj r fr  lakseproduksjon er aktuelt f r. N r ein ikkje kan f re laks med slikt f r, s  vil vi t.d. vite om det er greitt   bruke slikt f r n r ein har ei laksef rande elv som Surna som nabo. Jo meir laks ein kan f re opp p  soya, jo meir marint f r blir det tilgang til for tamtorskverksemda. Det h yrast jo mykje betre ut enn om tamtorsken et soya, men er det kanskje ikkje. Viss det er andre fiskeressursar n ringa har sett seg ut, er det n dvendig   f  gjort ei vurdering av kor mykje ressursar ein kan ta ut f r andre artar blir vesentleg p verka. Her m  ein ogs  ta h gde for at det kan bli mange svoltne tamtorskar i framtida, s  mange s knader som ein no ser.

Utslepp

S knaden verkar vag p  kva utslepp det er tale om. P  m tet i Sunndal blei det opplyst at ein kg f r blir til ein kg torsk. I s  fall kan vel ikkje denne tamtorsken b sje. D  kan ein sj lvsagt sj  bort fr  dette. Viss det likevel er s  at tamtorsken b sjer, s  m  vi f  vite kor mykje det er tale om, t.d. i form av nitrogen og fosfor. Det vil d  vere n dvendig   f  p  bordet meir opplysningar om kor mykje av denne typen utslepp ein reknar med at dette fjordsystemet toler, og kor mykje av «kvota» ein alt har brukt opp p  annan m te.

Ved føresetnaden om at tamtorsk bæsjar og ein kg fôr blir ein kg fisk, må det tyde at det er noko næring i fjorden som tamtorsken kjem til å ete. Kva er det? Kva for artar er det då som ikkje lenger får mat? Tar tamtorsken plankton og anna næring i sjøen og gir frå seg fiskebæsj i staden til dei som bur der frå før? Det er det vesentleg å få svar på.

Avl på torsk og lokale torskestammar

Vi har sett gjennom 50 år at tamlaks er noko anna enn laksen i vill tilstand. Ved utval får tamlaksen andre eigenskapar. Så lenge tamlaksen ender på middagsbordet utan å ha rota det til med vill laks på vegen, så treng det ikkje vere eit problem. Så snart tamlaks blander seg med den ville, så har ein fått ein negativ verknad.

Vi er overtydde om at ein vil sjå det same med tamtorsken. Det blir opplyst at ein no har 6. eller 7. generasjon tamtorsk.

Sidan kysttorsken har forskjellig genetikk etter kvar han held til, dvs. forskjellige stammar, vil det då bli eit problem både at han kan bli utsett for blanding med ein tamtorsk som er avla på, men også at det blir blanding av fleire lokale kysttorskstammar.

Vi har ikkje sett teikn til at tamtorskverksemda har tenkt å bruke 1. generasjon aktuell kysttorsk i staden for den dei har avla på. Her er det noko som må utgreiast grundig, slik at ein kan unngå problema som har oppstått med tamlaksen.

Vi såg nettopp ein artikkel hos NrK om supergenar hos torsk. Universitetet i Agder var opphavet til nyhendesaka. Einsretting av genetikken som ein ser hos tamlaksen, og rot med lokale kysttorskstammar vil truleg vere negativt ut frå det som var nemnt om supergenane.¹

Konklusjon:

Oppdrett av torsk er på mange måtar ei ny næring. Det er mykje vi ikkje veit om korleis denne næringa kan påverke naturen. Den viktigaste kunnskapen vi har er skaffa gjennom 50 år med oppdrett av laks. Med dei problemstillingane som har blitt synlege i lakseoppdrett, er det tydeleg at ein skal gjere ein del ting annleis med torsk. Det er difor eit etter måten stort behov for kunnskap. Denne kunnskapen må andre enn næringa sjølv skaffe. Difor er det eit stort behov for konsekvensutgreiing i saker som denne.

Søkjar har nok ikkje tala heilt sant om tamtorsken sin påverking av vill torsk. Ein kan ikkje ta sjansar med den ville torsken og ikkje med selskap som er uryddige med fakta.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær

¹ <https://www.nr.no/nordland/supergener-i-torsk-gjor-den-bedre-utrustet-til-a-takle-endringer-i-klima-1.15858039>